

Årsmelding for Time historielag 2025

Time historielag er ein frivillig organisasjon med medlemmer som har interesse av å finna fram og ta vare på lokalhistorie knytt til Time kommune.

Laget har det praktiske ansvaret for drifta av Time bygdemuseum, og får etter avtale ein årleg økonomisk kompensasjon frå Time kommune for dette arbeidet.

Muséet er lokalisert i 2. og 3. etasje i Undheim samfunnshus.

Styret i 2025:

Leiar: Tarald Oma (døydde 23.08.25), frå 23.8.25 Ingvar Reime, frå 28.9.25 Bjørn Bekkeheien

Nestleiar: Bjørn Bekkeheien, frå 28.9.25 Karen Time

Kasserar: Ingvar Reime

Skrivar: Karen Time

Styremedlem: Dan Dyrli Daatland

Varamedlemmer: Vidar Undheim, Marit Osland, Arna Aune

Valnemnd:

Jostein Stokka, Steinar Garborg og Dorteia Haugland.

Revisorar: Omund Norheim og Inge Haugland.

Boknemnda: Tom Hetland (redaktør), Anne Berit Hatlem, Åsmund Norheim, Aud Søyland Kristensen og Tarald Oma. Sven Aasland kom inn i boknemnda hausten 2025 etter at Tarald Oma døydde.

Styreaktivitet:

- Styret har i meldingsåret (styreåret 2025) hatt 11 styremøte og handsama 139 saker.
- Årsmøtet i Rogaland historielag 15.03.25 på Ålgård, utsendingar frå Time: Vidar Undheim, Karen Time, Dan Dyrli Daatland, Marit Osland.
- Rådsmøte i Rogaland historielag 21.10.25 på Klepp, utsendingar frå Time: Dan Dyrli Daatland, Vidar Undheim og Marit Osland.
- Time bygdemuseum er ope ved arrangement på Undheim samfunnshus, både ved sundagsmiddagsservering og enkelte andre høve. Styremedlemmene har også i 2025 delt på å vera museumsvakter når bygdemuseet er ope for publikum.
- Historielaget v/ styremedlem Dan Dyrli Daatland samarbeidde vårhalvåret 2025 med Bryne ungdomsskule om å utforma ein søknad til Landslaget for lokalhistorie, og dette skuleprosjektet fekk juni 2025 innvilga 60.000 kr frå Landslaget. Landslaget deler ut midlar til konkrete lokalhistorie-prosjekt for bruk i skulen, hjå oss eit prosjekt for ungdomstrinnet i Time-skulen. Styret v/ Dan Dyrli Daatland fylgjer skuleprosjektet opp også i 2026. Prosjektet vart omtalt i Sydvesten nr 4/2025.

- Styret v/ Marit Osland samarbeidde i 2025 med Garborgsenteret og Time bibliotek om å laga ei fotoutstilling knytt til utvandrarjubileet. Det vart laga 5 «roll-up-plakatar» som første gong vart presenterte for eit breidt publikum på eit arrangement i Stavanger konserthus 4. juli 2025 i samband med utvandrarjubileet. Fotoutstillinga er flyttbar og tidlaus, og kan difor nyttast i mange ulike samanhengar, både av institusjonar som t.d. Garborgsenteret, av skulane og i lagssamanheng.
- Styrefolk var vertskap på Time bygdemuseum 7 dagar i mai og juni: Alle ungdomsskuleklassane i Time kommune var i tur og orden på besøk i løpet av desse 7 dagane. Dette opplegget vert godt muleg vidareført i 2026.
- Referat og foto frå møta i Time historielag vert sende til Jærbladet og får god spalteplass, og slik når historielaget ut til lesarar både på Jæren og i andre landsdelar.
- Foto (v/ Arna Aune) frå medlemsmøte og andre arrangement vert publiserte på facebook saman med referatet.
- Leiar og kasserar har representert Time historielag på samarbeidmøte med kyrkja i Time. Me har hatt 2 felles arrangement med kyrkja i 2025 (sjå under «Møte og aktivitetar»).
- På styremøtet heime hos Tarald Oma 11. august ba Tarald styret ta over arbeidsoppgåvene hans grunna alvorleg sjukdom. Vår kunnskapsrike bauta og leiar gjennom 12-13 år døydde 23. august, på historielaget sin «Historisk dag» som han var så engasjert i.

Møte og aktivitetar i Time historielag i 2025:

Møta vert haldne på Undheim samfunnshus, og har vore svært godt besøkte.

07.01: Møte med føredrag v/ Tom Hetland om reisa hans til «det norske Amerika» sommaren 2024. Musikk v/ Frimenn.

11.02: Årsmøte. Føredrag v/ Kjell Olav Stangeland om Torvald Tu.

18.03: Kulturkveld i Bryne kyrkje i samarbeid med Bryne kyrkjelyd. Føredrag v/ Jørn Øyrehagen Sunde om Magnus Lagabøter sin Landslov av 1274. Musikk v/ Jærklang og elevar frå kulturskulen. Ca. 200 frammøtte.

23.04: Møte med føredrag v/ Torbjørn Færøvik om livet på landsbygda i India. Musikk v/ Dekor.

06.05: Besøk på forskningsstasjonen på Særheim for historielag-medlemene.

23.05: Time historielag var ansvarleg arrangør av konsert i Storstova: «Gullgutane» frå Suldal framførte eit syngespel om reisa til Amerika.

02.06 - 05.06: Busstur «Kultur og natur i Ryfylke» med Ingvars reiser, 40 deltakarar. Ingvar Reime gjorde ein framifrå jobb som leiar av turen, han steppa inn på kort varsel då Tarald Oma vart sjuk. Turen gjekk via fortidslandsbyen Landa i Forsand, Rosehagen på Jørpeland, Jelsa kyrkje, mektig natur i kraftkommunen Suldal, innom både Hamrabø og Nesflaten, Rasmus Løland sin heim ved Hylsfjorden, industribyen Sauda, Hatteland elektronikk i Vats og Kvekarhuset i Tysvær, alle stadane med lokale guidar. Referat og foto frå turen vart godt presentert i Jærbladet.

04.07: Folk frå styret deltok på arrangementet i Stavanger konserthus etter at «Nye Restauration» i høve utvandrarjubiléet denne dagen starta ferda mot New York. Fotoutstillinga på 5 «roll-ups» vart då vist for første gong, med gode tilbakemeldingar.

23.08: Historisk dag på Undheim, med tema i høve utvandrarjubiléet: Mekaniseringa av landbruket i Noreg og på Jæren var påverka av amerikanske maskinar. Føredrag om dette v/ Harald Espeli. Samarbeid med Jærmuséet, Jæren husflidslag, Amcar-klubben, Time bygdekvinnelag og Undheim samfunnshus. Fleire små utstillarar, saueklypping og linedance-framsyning v/ lokale ungdomar.

28.09: Kulturkveld i Time kyrkje i samarbeid med kyrkja. Musikalsk program med gamle salmar, og premierevisning av filmen om Lye prestegard og prestevegen.

08.10: Møte med føredrag om I.K. Hognestad v/ Øyvind Nordsletten.

05.11: Møte med lansering av Årboka 2025.

09.11: Konsert i Undheim kyrkje: Norskætta sopran Laura Loge (USA) på turné i Sør-Noreg.

03.12: Julemøte med føredrag v/ Stein Ødegård og opplesing v/ Marit Rommetveit Staveland. Musikk v/ Green Sax.

Årboka:

Boknemnda v/ redaktør Tom Hetland laga også i 2025 ei flott og interessant årbok, nr 13 i rekka. Ho er rikt illustrert og har 19 artiklar frå 18 forfattarar. Tema i 2025 var m.a. kunnskap og utdanning i lokalt perspektiv, modernisering av det jærskje landbruket, og frivillig beredskap og lokale haugianarar.

Medlemer:

Laget hadde 175 medlemer i 2025.

Æresmedlemer i laget er Anna Johanna Hauge, Torstein Tunheim, Signy Gro Sæland og Einar Sæland. Anna Johanna Hauge (f. 1922) døydde i 2020, og Einar Sæland (f. 1925) døydde i 2023.

Økonomi:

Økonomien i laget er stabil og god.

Historielaget har lagerbeholdning med artiklar for sal, både av laget sine T-skjorter, eit begrensa antal Garborgsydv, tidlegare årbøker og enkelte andre bøker. Laget har òg for sal minnepinnar som kvar inneheld dei 4 filmene om torvskjering, kornet, smalføter, og Lye prestegard.

Lagerbeholdningen av artiklar for sal vert ikkje teken med i rekneskapen.

Stønad og tilskot til prosjekt i 2025:

Frå Time kommune: Driftstilskot 50.000 kr til drifta av Time bygdemuseum.

Tilskot frå Landslaget for lokalhistorie kr 60.000 (etter søknad) til eit konkret lokalhistorieprosjekt for bruk på ungdomstrinnet i Time-skulen.

Bryne, 28. januar 2026,

styret i Time historielag:

Bjørn Bekkeheien Ingvar Reime Karen Time Dan Dyrli Daatland

Arna Aune Vidar Undheim Marit Osland